

107647

Walcheren *Ap 29/11-94*

1. november var det 50 år sidan landgangen på den nederlandske øya Walcheren. Denne øya ved Schelde-munningen var omlag 200 km og hadde 65 000 innbyggjarar. Tyskarane hadde bygt den opp til eit einaste stort festningsverk, som måtte nedkjempast før dei allierte kunne kome sjøvegen til dei viktige havnebyen Antwerpen, som vart teken 4. september av 11. Armoured Division. Dei allierte måtte ha denne adkomsten før sjølve invasjonen av Tyskland kunne ta til.

Landgangen på Walcheren vart langt hardare enn den store invasjonen på kontinentet. Den allierte landgangsstyrken var på ca. 10 000 mann, og mellom desse var to kompani frå No 10 Inter Allied Commando, det belgiske No 4 Troop og den norske No 5 Troop, den einaste norske hæravdeling som slost utanfor Norges grenser.

Kampane på Walcheren tok åtte døgn. Tapa var store. Av 200 landgangsfartøy var det berre 20 igjen. Halvparten av dei 3000 commandos som deltok vart drepne eller såra. 8000 tyskarar vart tekne til fange. No 5 Troop miste fire mann der, og i dei seinare kampane i dette området, m.a. Kapelche Veer, fire mann til. Det blir hevda at denne operasjonen forkorta krigen med fleire månader – ja, opptil eit halvt år.

Om dei norske commandos og innsatsen på Walcheren og Kapelche Veer og invasjonsområda i Nederland er det i høst ikkje sagt eller skreve eit einaste ord. Det er heilt utruleg at ei samla presse og media, som ellers har brukt så mykje spalteplass og sendetid på invasjonshendingane, har gløymt eller forbigått dette 50-årsminnet i taushet.

TRYGVE HEGGHEIM, Leikanger